

SØKNAD OM KONSESJON

MASSEUTTAK I KJELAÅI

PÅ GNR 88, BNR 15, VINJE KOMMUNE

DATO: 12. MARS 2010

SØKNAD TIL: NVE, BOKS 5091 MAJORSTUA, 0301 OSLO

SØKNAD UTARBEIDD AV: GM SERVICE

TILTAKSHAVAR/GRUNNEIGAR:

OLAV BRATLAND, 3895 EDLAND



Surgravvegen 27, 3890 Vinje.
T: 415 20 990, epost: gmserv@online.no

Utarbeiding av reguleringsplanar og bebyggelsesplanar
For hyttefelt og andre føremål.
Prosjektplanar og prosjektstyring.
Teknisk/økonomisk/juridisk rådgjening.

INNHALD

1. Søknaden
2. Kartgrunnlag
3. Masseforekomsten
4. Vassføring
5. Landskap
6. Fiske, gyting
7. Samfunnsnytte
8. Drift av masseuttaket
9. Avslutning av masseuttaket

1. SØKNADEN

Det blir søkt om løyve etter vannressurslova, jfr. § 8, for vidare masseuttak i Kjelaåi. Nødvendige opplysningar om tiltaket går fram av denne søknaden.

Tiltaket heiter MASSEUTTAK KJELAÅI.

Med brev av 22.09.2009 varsla NVE å vurdere å treffe vedtak om at alt vidare uttak av masser blei stansa, og at masseuttaket blei avslutta, med mindre Olav Bratland søkte konsesjon.

Med brev av 08.10.09 svara Olav Bratland på dette, vedlagt ein skissemessig plan for eit avgrensa vidare uttak, og ei avslutning. Han gav klart uttrykk for den store trongen det var for vidare masseuttak.

Med brev av 16.12.09 fann NVE denne planen mangelfull, vedtok stans i alt vidare grusuttak, og at grusuttaket måtte vera avslutta innan 15.02.10 etter plan godkjent av NVE, eller søke konsesjon innan same frist.

Olav Bratland ynskjer altså no å søkje konsesjon, og har engasjert GM SERVICE til å utarbeide og fremje denne søknad.

Då tida har vorte knapp, har me med brev av 26.01.10 søkt om forlenging av denne fristen med 1 månad. Med brev av 04.02.2010 har NVE forlenga fristen til 15.03.2010.

All vidare aktivitet i masseuttaket er stilt i ro inntil konsesjonssøknaden er handsama.

Masseuttaket ligg innafor kommunedelplanen for Edland-Haukeli, i LNF – område.

2. KARTGRUNNLAG

Me har nytta oversiktskart i målestokk 1: 20000, og detaljkart i målestokk 1 : 2500, levert av Vinje kommune. Detaljkartet visar situasjonen ved masseuttaket slik det er i dag, og uttaket av dei masser som søknaden omfattar.

Det blir bygd ein veg frå næraste odde ut til grusøya for uttak av desse masser. Vegen blir etterpå gravd opp og fjerna. I elva mellom grusøya og masseuttaket på land er massene tidlegare tatt ut, og det blir derfor ikkje meir uttak her.

Skravera område, inklusive grusøya, er det omsøkte, nye masseuttaket. Området for tidlegare uttak er visa på kartet.

3. MASSEFØREKOMSTEN

Det har gjennom ca 30 år vore uttak av masser, i storleik 30-000 m³.

Massene er reine grusmasser med gradering 0 – 60 mm. Det er lite finstoff i massene.

Massetaket er det einaste av noko omfang i området, og er såleis ein nødvendig og nyttig ressurs.

Massene kan nyttast slik dei er, til vegbygging, utfylling, tilbakefylling rundt grunnmurar etc. Noko blir harpa og brukt til støypesand, og noko blir knusa til bruk rundt vass- og avløpsledningar, vegstrøying vinterstid etc.

Arealet for det omsøkte masseuttaket inklusive grusøya er planimetrera til ca 15 000 m². Av dette utgjer grusøya ca 1 200 m².

Terrenget for utgraving ligg ca 1 meter over normalvass-stand, graving ned til 4 meter under normalvass-stand, altså gravedjup på 5 meter. Søknaden omfattar derfor utgraving av ca 75 000 m³ masse.

Massetaket er registrera i NGU sitt grusregister.

4. VASSFØRING

Kjelavassdraget ligg i utbyggingsområdet for Tokke-Vinje utbygginga som Statkraft eig. Då konsesjonar blei gjevne, var det ikkje tale om minstevassføringar. Men Vinje kommune fekk gjennomslag for ei revurdering då Kjela kraftverk skulle byggast i 1970 åra. Frå Hyljelihyl ovafor Haukeli blir det derfor i Kjela elv slept 0,5 m³/sek i vinterhalvåret, 2,0 m³/sek i sumarhalvåret. Frå Haukeli kraftverk kjem det 2 m³/sek stort sett heile året. Vassføringa i Kjela forbi masseuttaket er derfor 2,5 – 4,0 m³/sek. Det er ubetydeleg nedslagsfelt som endrar dette. Det er såleis svært liten vassføring i elva.

Nedslagsfeltet til Vetrhusbekken er minimalt, og bekken er ofte tørr.

På grunn av den omfattende regulering av vassdraget, er det berre heilt unntaksvis at det blir slept overskotsvatn ut i elva.

I 1994 bygde Statkraft ein terskel tvers over utløpet frå hylen. Denne er avmerka på kartet.

5. LANDSKAP

Massetaket ligg langs Kjelaåi ved ein elvehyl, litt nedanfor bebyggelsen i Edland i Vinje kommune. E 134 går langs nordsida av hylen. Ein privat veg går frå E 134 på bru over hylen og til ein gard, Vetrhus, lenger vest. Frå denne vegen er adkomsten til massetaket.

Det er ingen busetnad i nærleiken av massetaket, og drift av dette, inklusive knusing, vil såleis ikkje vera til noko ulempe. Massetaket ligg ca 1 meter over vassflata i hylen. Uttaket av masser vil såleis vera svært lite synleg i landskapet. Massene blir grave opp med gravemaskin, lest på dumper/lastebil, og køyrt bort etterkvart.

Massetaket vil vera synleg frå E 134, men det ligg frå 50 til 150 meter frå vegen, og med eindel vegetasjon mellom vegen og elva, bør utgravinga vera til moderat ulempe for vegfarande.

Matjorda på massetaket er tidlegare fjerna og nytta til oppdyrkinga på garden Edland Vestre. Det er såleis ikkje nokon vegetasjon som no skal fjernast.

Ein kan ikkje sjå at noko dyreliv kan bli skadelidande av masseuttaket.

Dei synlege inngrepa i landskapet vil vera at det flate masseuttaket gradvis minkar, og vassflata i elva tilsvarande aukar. Det blir derfor ikkje sår og synlege arr i landskapet.

Me meiner derfor at ålmenne interesser ikkje blir vesentleg berørt av uttaket.

Vedlagt søknaden er nokre fotografi frå området.

6. FISKE, GYTING

Det er ei aurestamme i den hylen som massetaket ligg ved, og det er ei viss vandring av fisk mellom hylen og Tveitvatn.

Gyting skjer i hovudsak i elva oppstrøms massetaket, og blir derfor ikkje berørt av gravinga.

Mattilgangen og dermed fiskekvaliteten har gradvis betra seg etterkvart som det har kome vegetasjon tilbake etter bygginga av ny E 134, og dermed meir insekt langs vasskanten. Annan matproduksjon i hylen vil bli lite berørt av gravinga.

Det blir ikkje drive med noko organisert fiske i området, men litt sportsfiske med stong.

Då ny E 134 blei bygd, skjedde dette langs elvekanten med straum langs vegfyllinga. Det var såleis meir belastande med ureingjering av finstoff i vatnet, enn det ein vil få frå massetaket. Og fisket har tatt seg opp etterkvart som det har kome vegetasjon langs vegen. Ein vil tru at fisket ikkje vil bli vesentleg berørt av masseuttaket. Dette tek ein likevel sikte på å fylgje opp under utgraving. Skulle det vise seg ynskjeleg med avbøtande tiltak, kan ein anlegge voll mot hylen, og grave uforstyrta på innsida.

7. SAMFUNNSNYTTE

Grunneigaren har gjennom mange ti-år drive som maskinentreprenør, lokalt og ellers rundt i distriktet. Masseuttaket er eit viktig supplement for denne verksemda.

For 25 - 30 år sidan blei området vest for masseuttaket dyrka opp med ca 160 dekar, og eit nytt gardsbruk med driftsbygningar bygd opp. Garden er også i dag i full drift.

Masseuttaket har vore ein naturleg og nødvendig del av entreprenørverksemda, til vegbygging og fyllmasse til ulike føremål. Det er det einaste masseuttaket av noko omfang i området, og er derfor nokså avgjerande for utvikling i Edland og Haukeli med omland. Av kostnadsgrunnar er det viktig med kort transport av masser.

Masseuttaket ligg usjenera til, og drifta er ikkje til noko ulempe, då det ikkje er busetnad i nærleiken. Heller ikkje er det noko ulempe for vegfarande på E 134, då uttaket ligg på den andre sida av hylen.

Me meiner tiltaket samsvarar godt med vilkåra i vannressurslovas § 25 om at fordelane langt overstig ålmenne og private interesser.

8. DRIFT AV MASSEUTTAKET

Det er tidlegare grave opp eindel masser og lagra inne på land. Denne haugen reknar ein med å kunne nytte uavhengig av konsesjonssøknaden.

Adkomst til massetaket går på ein veg frå Sigridnes, som tidlegare er bygd.

Me tek sikte på først å grave ut grusøya, for så å grave ut nordfrå på tangen mellom Kjelaåi og Vetrhusbekken.

Ved graving vil finstoff bli flytande i vatnet. Då graveområda ligg vekk frå elvestraumen, og med så lita vassføring, og med terskel nedanfor, reknar ein ikkje med noko vesentleg transport av finstoff nedover i vassdraget.

Dersom det likevel skulle vise seg ynskjeleg å hindre finstoff i vassdraget, kan ein utføre gravinga bak ein voll mot elva. Me disponerar også oljelenser som kan leggst ut.

Uttak av masser skjer ved behov, og i all vesentleg grad ved opplasting direkte frå gravemaskin til lastebil. Ved at massene stort sett ligg under vass-stand, vil ikkje graving berøre landskapet eller naturverdiar, bortsett frå at det synlege arealet gradvis minkar. Det er derfor korkje mogleg eller nødvendig med avbøtande tiltak og landskapspleie.

I hovudsak vil graving skje i sommarhalvåret, då trongen for masser er størst, men ellers tek ein sikte på graving heile året.

Lagring av masser skjer berre unntaksvis og i mindre mengder, i samband med knusing eller harping. Ellers skjer transporten som nemnt direkte frå massetaket.

Knusing og harping vil skje inne på det avdekka massetaket. Det vil då kunne vera noko ulempe med støv, som eventuelt kan avbøtast med vass-spyling.

Uttaket frå grusøya skjer via den viste vegstubben. Uttak vil skje frå oppstrøms ende og nedover. Vestsida av grusøya ligg nær inntil elvestraumen, og er det området ein må vera mest merksam på når det gjeld transport av finstoff i elveløpet. Avbøtande tiltak er å grave ved lågaste vass-stand. Etter erfaringane ved bygginga av ny E 134 reknar ein ikkje med vesentlege skadeverknader korkje i hylen eller i vassdraget nedanfor.

Uttaket frå det landfaste massetaket er tenkt i form av graving nordfrå og sørover av arealet langsmed elva, i striper på 12-15 meter. Om ynskjeleg kan ein då sette att ein smal voll ut mot elva, og grave uforstyrta på innsida.

Med denne prosedyra for masseuttak, kan dette avsluttast på ein naturleg måte når som helst, også før alt er tatt ut, ved å fjerne vollen mot elva og den nye skråning på massetaket ut mot elva arronderast på ein naturleg måte.

Uttak pr år er avhengig av den generelle aktivitet i området, og er vanskeleg å fastslå. Om me reknar uttak av 5000 m³ pr år, vil det ta 15 år før massetaket er tømt. Truleg vil det ta noko lengre tid.

9. AVSLUTNING AV MASSEUTTAKET

Med det omsøkte massetaket, vil det vera drift i mange år. Me har derfor ikkje i denne omgang laga nokon avslutningsplan. Det finn me rettast å gjera når tida nærmar seg.

Når alle masser er tatt ut, vil det vera ein skråning mot nordvest i terrenget. Om nødvendig kan denne plastrast med eigna steinmasser, og også tilsåing. Dette vil bli ein estetisk fin tilpassing av landskapet.


Når tida er inne vil me lage ein avslutningsplan i samsvar med dei faktiske tilhøve, og etter dei krav NVE måtte setje.


Vinje, 12. mars 2010



Gisle Mjaugedal

**GM SERVICE
SURGRAVVEGEN 27
3890 VINJE**





**SØKNAD OM KONSESJON
MASSEUTTAK I KJELAÅI
GNR. 88, BNR. 15,
VINJE KOM MUNE
DATO: 12. MARS 2010**



Utsnitt kartverk Vinje Kommune
21.01.2010
Målestokk 1:2500
Vinje Kommune

Miljøplan




Oversiktskart

Tilrettelegging og utsjånad: GIT-stoga, Vinje kommune



Veg med bru over til massetaket



Bilde tatt 15.09.200

Terskel og veg til massetaket